



FAU Møtereferat

Deltakere

Kjetil Damm (Rektor)
Asbjørn Horne Åsebø
Monika Bader
May Britt Nyvoll Boga
Ingvild Fossgard Sandøy
Severin Haugstad
Trygve Oma
Torhild Matteredne Skoge
Martin Kvinnsland Amdal
Ingelin Birkeland Daatland
Ingvild Gyllenstend Singsaas
Karl Fredrik Alnes

Agenda: 4. FAU møte for Skoleåret 2023-2024

Punkt	Tema	Aksjon/ Ansvarlig
1	<p>Rektors halvtime</p> <p>Rektor informerer om kvalitetsoppfølgingsmøtet og kva skulen skal jobbe med Føremål med kvalitetsoppfølging er å ha ei systematisk tilnærming til forbedring.</p> <p>Emner i kvalitetsoppfølgingsmøtet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Elevmedverknad er viktig. Elevane opplever medverknad I form av å kunne velge, men ynskjer større involvering før valg blir presentert. Det er stor spreing I alder og tilnærming til korleis elevane kan medverke.• Digital dømmekraft. To element å få tilbakemeldingar på:<ol style="list-style-type: none">1. Besøk frå Barnevakten: Elevane opplever at det er foreldrene som har størst utbytte av dette. Foreldrene synest det har vore nyttig å jobbe i grupper.2. Innføring av mobilhotell. Elevane er reflekterte rundt mobilhotell. Opplever fordeler sosialt, men opplever nokre praktiske utfordringar. Lærarane opplever større ro rundt undervisningssituasjonen.• Skulemiljø<ol style="list-style-type: none">1. Elevundersøkinga viser oppgang på alle felt når det gjeld mobbing, men ligger fortsatt under landsgjennomsnittet. Elevrådet har laga egne undersøkingar. Elevane er til liks med skulen også bekymra for at fleire opplever mobbing.2. Foreldreundersøkinga.3. Olweusundersøkinga: Olweus gir systematikk i forebyggande arbeid.	Ingen

Punkt	Tema	Aksjon/ Ansvarlig
	<p>9. trinn har eiga oppfølging. Det blei påpeika at mange foreldre satte pris på gjennomføring av ekstra foreldremøte.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreldremøter og skule/heim-samarbeid Rektor viste til godt forarbeid frå FAU rundt samarbeidet på høvesvis småtrinn, mellomtrinn og ungdomstrinn. Foreldremøtene har blitt gjennomført etter malen som FAU og skulen har utarbeida saman. Det er noko ulik oppfatning om korleis denne malen blir fulgt. Det er også ytra ynskjer om å ha meir diskusjon på ungdomstrinn og mellomtrinn, medan barnetrinn er meir opptekne av konkret informasjon. <p>Vidare i kvalitetsoppfølginga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er midt i femårsplan for kvalitetsoppfølging. Jobbar i samlingar ved skulen. Desentralisert kompetanseutvikling: samarbeider med ei eining ved UiO som arbeider med leiarutvikling med innspel frå desse forskarmiljøene. NOT har ein egen tiltaksplan for systematisk oppfølging. 	
2	<p>Erfaringar etter foreldrestyrte foreldremøter.</p> <p>Har ikkje informasjon frå alle trinn.</p> <p>3. trinn: Planlegging - først fysisk møte, deretter Teams og chat i messengergruppe. 1/3 av foreldrene møtte. Veldig kjekt at folk møtte. Aktive folk. Klassekontaktane var veldig engasjerte. Blei litt meir arbeid på FAU-representantane enn forventa.</p> <p>4. trinn: veldig hyggelig. Positive tilbakemeldingar. ½ av foreldrene møtte. Hadde ein fin inngang til opplegget ved å opprette chattegruppe mellom FAU og klassekontaktar. Fekk innspel frå lærar.</p> <p>5. trinn skal ha 21. mars.</p> <p>7. trinn har gjennomført. 26 foreldre kom (52 elevar på trinnet). Gode diskusjonar, foreldra sette pris på møtet.</p> <p>10. trinn bør ha foreldrestyrt foreldremøte på hausten, slik at det ikkje blir for tett opp mot avslutning.</p> <p>Håndboka for FAU bør inneholde informasjon om korleis foreldrestyrte foreldremøter blir gjennomført.</p>	Håndboka blei justert i møtet.
3	<p>Status, samtykker – status og vidare aksjonspunkt.</p> <p>Asbjørn viste status for kontaktliste for nokre av trinna. God oppfølging på lågare trinn. Litt dårlegare for eldre elevar. Mangler fortsatt nokre. Kort tid igjen av skuleåret. Ønskeleg å sende ut kontaktliste over foreldre som har gitt samtykke i løpet av våren.</p> <p>Oppfordrar alle foreldre til å legge inn kontaktinformasjon for å sikre at barna blir inkludert ved sosiale aktivitetar.</p>	Avventer oppfølging

Punkt	Tema	Aksjon/ Ansvarlig
4	<p>Oppdatering av håndbok og innhald i foreldremøter.</p> <p>Asbjørn viste endringane som ligg på siste versjon og det blir lagt til nokre punkt i møtet. Kasserer poengterer at Vipps-ansvaret ikkje er overført. Martin kan ikkje få oversikt over innbetalingane og transaksjonane etter 17. mai.</p> <p>Det er ulik praksis på trinnene kor mange klassekontaktar som skal velgast per trinn og per gruppe. FAU legger inn i håndbok at det skal veljast minst 1 klassekontakt per trinn/gruppe og dei skal velgast for eitt år om gangen.</p> <p>Det er klassekontaktane si oppgåve å planlegge og gjennomføre foreldrestyrte foreldremøter, med eventuell støtte frå FAU. FAU-representant for trinnet har ansvar for å initiere første møte.</p> <p>Oppfølging: ønskelig at Vipps er overført før 17. mai. Styret følgjer opp.</p>	Asbjørn (med Martin/ Trygve)
5	<p>Eventuelt:</p> <p>Hop Skole har teke initiativ til ein temakveld for foresatte på ungdomstrinnet i Bergen sør på Fana Arena 15. eller 16. april. FAU er positive til tiltaket og vil informere om dette til foresatte.</p> <p>Mobilavtale utforma av Barnevakten. Asbjørn viste eksempel på mobilavtale mellom foreldre/barn om fornuftig bruk av mobiltelefon, som skulen kan formidle – med eit føremål om å redusere digital mobbing. Denne er tilrettelagt for 1. til 5. trinn. FAU er i utgangspunktet positiv til å ta denne i bruk.</p> <p>Lenke til eksempel på avtale: https://www.barnevakten.no/wp-content/uploads/2023/03/mobilavtale-2023.pdf</p> <p>Lenke til infohefte: https://www.barnevakten.no/wp-content/uploads/2016/01/Barnevakten_Infohefte_2019.pdf</p>	<p>Vi avventer initiativ frå Hop Skole.</p> <p>Opp til FAU- representa ntar på dei enkelte trinnene å ta initiativ til å formidle «mobilavt alen"</p>

I